
Saksnr: 2020/44954-9
Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.11.2020
Fylkesutvalet		10.12.2020

Tilbakemelding til NFI sine forslag til endringar i tilskotsordningar, jf. Høyringsbrev 19/937-35

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til uttala i saka og at denne vert sendt til Norsk Filminstitutt og Kulturdepartementet.
2. Vestland fylkeskommune forventar at Norsk Filminstitutt respekterer fylkeskommunane sin filmpolitiske rolle, m.a. som eigar av regionale filmsentera, og tek omsyn til dette i framtidig arbeid med filmpolitikk. Dette gjeld involvering i prosessen og tilstrekkeleg tid til forsvarleg politisk handsaming.

Samandrag

Kulturdepartementet har, i samarbeid med Norsk filminstitutt, sendt ut forslag til endringar knytt til 2 forskrifter om tilskot på høyring. Høyringsbrevet er datert 3.november og høyringsfrist sett til 6 veker (16.des). Høyringssvaret frå Vestland fylkeskommune (VLFK) vert sendt etter handsaming i Fylkesutvalet 10.12.20.

Grunngjevinga for ein kort høyringsfrist er m.a. *«fordi det er gjennomført en omfattende og åpen prosess og dialog med berørte bransjeaktører. Endringsforslagene bør derfor i hovedsak være kjent i forkant av høringen slik at bransjeaktørene må anses å være godt forberedt på forslagene»*.

Det er store endringar i verkemiddelapparatet til regional film som NFI føreslår og VLFK stiller seg kritisk til at det har gått føre seg ein prosess der VLFK som eigar av Vestnorsk filmsenter ikkje har blitt involvert. Endringsforslaga inneber m.a. endring i oppgåver, ansvar, prinsipp og kompetansebehov for filmsentera og filmfond. Dette er alle utgangspunkt for verksemda til selskapa og som samla sett får følgjer for den nasjonale filmpolitikken. Endringar i den nasjonale filmpolitikken omfattar det som skjer lokalt, regionalt og på statleg nivå. Det må difor leggjast til grunn at endringar fyrst vert utarbeidd etter samarbeid med alle bransjeaktørar og forvaltingsnivå.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 Vedlegg 1. Høyringsbrev

- 2 Vedlegg 2. Høringsnotat overordnet forskrift
- 3 Vedlegg 3. Høringsnotat NFIs forskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kulturdepartementet har, i samarbeid med Norsk filminstitutt, sendt ut forslag til endringar knytt til 2 forskrifter om tilskot på høyring. Høyringsbrevet er datert 3.november og høyringsfrist sett til 6 veker (16.des). Høyringssvaret frå Vestland fylkeskommune (VLFK) vert sendt etter handsaming i Fylkesutvalet 10.12.20.

Konsekvensane til forskrifta

Det er store endringar i verkemiddelapparatet til regional film som NFI føreslår og VLFK stiller seg kritisk til at det har gått føre seg ein prosess der VLFK som eigar av Vestnorsk filmsenter ikkje har blitt involvert. Endringsforslaga inneber m.a. endring i oppgåver, ansvar, prinsipp og kompetansebehov for filmsentera og filmfond. Dette er alle utgangspunkt for verksemda til selskapa og som samla sett får følgjer for den nasjonale filmpolitikken. Endringar i den nasjonale filmpolitikken omfattar det som skjer lokalt, regionalt og på statleg nivå. Det må difor leggst til grunn at endringar fyrst vert utarbeidd etter samarbeid med alle bransjeaktørar og forvaltingsnivå.

Fylkesrådmannen si vurdering

VLFK saknar kva analyser og konsekvensutgreiingar som er lagt til grunn for NFI sine forslag. Eit av forslaga frå NFI er m.a.:

NFI vil nedskalere utbetalinger av etterhåndstilskudd og ved å avskaffe etterhåndstilskudd for filmer uten forhåndstilskudd fra NFI, for minoritetsamproduksjoner og for filmer som mottar produksjonstilskudd etter kunstnerisk vurdering. Dette innebærer at det kun er filmer som får tilskudd i markedsordningen som vil kunne motta etterhåndstilskudd. NFI vurderer og presenterer likevel å alternativt innføre en ordning for etterhåndstilskudd i konsulentordningen og i talentordningen med et lavere tak for maksimal etterhåndstilskudd både tallmessig og som andel av budsjett.

Etterhandstilskotet har vist seg som ein effektiv incentiv og er i tråd med den filmpolitiske målsettinga (jf. Filmmeldingen). Ikkje minst er denne ordninga sær viktig for ei vidare regional utvikling av filmbransjen. Etterhandstilskot sikrar filmproduksjonar avgjerande investeringskapital, og av dette dei regionale fonda sin risikokapital. Vidare bidrar ordninga til maktspreiing og motverkar sentralisering av filmbransjen. Ei ordning som etterhandstilskotet treffer såleis godt på dei filmpolitiske målsettingane frå Filmmeldingen.

Endringsforslaget om etterhandstilskotet kan medføre store negative konsekvensar for dei regionale fonda og VLFK meiner difor at endringa må konsekvensutgreiast i samråd med fonda før en eventuell implementering. VLFK er open for at etterhandstilskotet må regulerast tydelegare, jf utfordringane som NFI skisserer i sitt skriv, men ikkje slik det er lagt fram i anbefalinga til KUD.

VLFK er positiv til NFI si presisering av viktigheita av mangfald; «Norsk film trenger en bredde av historier og fortellerstemmer for å kunne speile samfunnet og oppleves relevant og representativ for hele befolkningen». Dei regionale fonda sitt arbeid og etterhandstilskotet spelar ei sær viktig rolle i denne utviklinga.

VLFK er positiv til at dataspel vert teke ut av forskrifta då dette vil vere særregulert i eigen forskrift.

VLFK stiller seg undrande til kvifor NFI ikkje vil anbefale produksjon av spelefilm i regionane. Ønske om spelefilmproduksjon i regionane går tydeleg fram av Filmmeldinga og NFI sin anbefaling her står såleis i strid med politiske filmmålsettingar.

NFI sine vurderingar og anbefalingar til forskrifta påverkar filmsentera og filmfond i svært stor grad då dei er pålagt å følgje same forskrift. VLFK meiner difor det er kritikkverdig at desse ikkje er involvert i prosessane. Tilgjengelege verkemidlar bør utfylle kvarandre slik at det vert utvikla filmkultur over heile landet.

Vestlandet er ein mangfaldig og sjølvstendig filmregion. Vestnorsk filmsenter (VNF) er eit sær viktig offentleg instrument for fagleg styrking og profesjonalisering av filmbransjen og VNF er særleg viktig når det gjeld kulturoppdraget. VLFK meiner at fleire av NFI sine midlar burde fordelast gjennom dei regionale filmsentera. Ein slik fordeling av filmmidlar bør skje etter storleik

på og kompetanse i filmmiljøet, etter oppnådde resultat og kunstnarisk kvalitet. Regionane bør få tillit og friheit til å disponere produksjonsmidlar etter eiga faglege skjønn og i høve til den lokale filmbransjen sine skiftande behov.

VLFK ønskjer endringar i nemnte forskrifter velkomen, men gjennomføring av slike endringar krev gode prosessar. VLFK ber difor om at det vert gjennomført ein konsekvensutredning før ei evt. implementering av endringsforslaga. I denne prosessen er det kritisk at dei regionale filmsentera med eigarar vert involvert i dialog i saker kring føremål og organisering av regional filmforvaltning.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, [Kultur for alle](#), og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, [PREMISS: KULTUR](#)

Konklusjon

Fylkesdirektør rår til at Fylkesutvalet sluttar seg til uttala i saka og at denne vert sendt til Norsk Filminstitutt og Kulturdepartementet.